



Biskop Halvor Nordhaug med tema for kvelden: Kor kristent skal Noreg vera.

Knappt 150 menneske møtte fram til temakveld i Uskedal kyrkje onsdag i denne veka. Tilskipinga var ein del av bispevisitasen i Kvinnherad og biskop Halvor Nordhaug var sjølv innleiar med tema: Kor kristent skal Noreg vera. Ein av konfirmantane i kyrkja, Kristian Øvstebø, bad biskopen om svar på to sentrale spørsmål i notida. Biskopen svara, helsa på og hadde ein samtale med Kristian etter møte.

Halvor Nordhaug har saman med filosofen Syse skrive bok om: Kor kristent skal Noreg vera. Han drog dei lange linene frå den tida kristendomen møtte gresk og romersk kultur, om den nye trua som kom med Olav den heilage, Gulatingslova og fram til arbeidet med Grunnloven og dei endringar som er gjort seinare. § 2 stadfestar at Grunnloven byggjer på kristne og humanistiske verdiar, for å sikra demokratiet, rettsstaten og menneskerettane. Etter ynskje frå Kong Harald er § 4 skrive slik at Kongen skal vera medlem i Den evangeliske Lutheriske kyrkja. Elles er det fri religionsutøving i dette landet og Staten støttar alle godkjende religiøse samfunn. Slik er det ikkje i USA, heller ikkje i Frankrike.

Postulatet til biskopen var at Noreg med demokrati, likestilling, respekt og religionsfridom ikkje hadde vore det same utan grunnlaget i kristne og humanistiske verdiar.



Konfirmant Kristian Øvstebø framførte to sentrale spørsmål til biskopen. (Arkivfoto)

I samtalen etter pausen kom det fram mange synspunkt, nyansar og spørsmål. Kristian Øvstebø ville vita kor mange i Noreg som reknar seg som kristne, om det er flest kristne eller ikkje kristne. Biskopen svara på det. Neste spørsmål var meir innfløkt: Når det er så mange ikkje kristne i dette landet, kvifor feirar dei likevel dei kristne høgtidene. I samtalen biskopen hadde med Kristian etterpå kom det klart fram at den store interessa hans er terreng- og motbakkeløp og fotball.

Biskop Nordhaug sette pris på det store frammøte frå konfirmantane og at Kristian Øvstebø våga seg til med innlegg. Kyrkjekoret Nordsaang framførte to korte salmar. Kantor Eva Megyesi spela til opning Ouverture frå Fyrverkeri musikalske suite av Georg Fredrich Handel.

Kvelden vart avslutta med salmen Engang du selv kan minnes, skriven av Liv Nordhaug, mor til biskopen, til melodi av Egil Hovland.

Visitasen vert avslutta søndag kl. 11 med felles gudsteneste i Kvinnherskyrkja. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi og visitasføredrag med bakgrunn i visitasmeldinga frå Kvinnherad.

Tekst/nett: Kristian Bringedal



Kyrkjekoret med sin musikalske leiar, Eva Megyesi, framførte to salmar på temakvelden.